

Høyringsinnspel

Sak	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	Parat ved Høgskulen i Sogn og Fjordane
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Innspel frå medlemmer
<p>Innspel</p> <p>Bruk fleire sider om det trengs</p>	
Kap 2	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Ja, takk begge deler er det fristane å seie. Vi skal «byggje» ein ny høgskule på Vestlandet – ein spenstig høgskule som ifylgje fusjonsplattforma har vyer om:</p> <p><i>«•skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling</i></p> <p><i>• skal sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt, og ha større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunns-, arbeids- og næringsliv. Høgskulen på Vestlandet skal vere den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av Vestlandsregionen»</i></p> <p>Utifrå desse «føringane» meiner Parat-HiSF at modellen med «Kunnskapsområde» er den HVL bør arbeide vidare med. Modellen</p>

representerar ein anna tankegang enn dagens organisering. Meir spenstig og framtidsretta. Kanskje også meir motiverande i arbeidet med «byggje» HVL? Vi vil kanskje også lukkast meir med å nå måla som er fastsatt i fusjonsplattforma.

Ei slik endring vil krevje tid og ressursar. For å lukkast må **alle nivå** bli involvert og sjå verdien av kva vi vil skape. Målet er at HVL «skal bli ein stor, viktig og synleg høgare utdannings- og forskingsinstitusjon». Grunnstrukturen vår må sjåast att i kunnskapsområda. Primæroppgåva vår er utdanning og forskning - og samspel med omverda. Studenten må vere i sentrum. Den administrative organiseringa må ikkje fylgje den faglege organiseringa, men på tvers.

Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?

Fakulteta, som her er definert som «områder» på tvers av campusa, vert store i HVL. Med det i mente, trur vi at HVL vil vere mest tent med ei løysing med fire fakultet.

Vi har mange spennande fagområder, og fag som naturleg må finne sin plass i organisasjonen. Disiplinfaga må sjåast på som ein mogelegheit og ikkje eit problem.

Vel ein modellen «Profesjonsorganisering» bør vi framleis gå for 4 fakultet – 3 som fylgjer profesjonsorganiseringa og det 4.fakultet som har disiplindefag og andre tverrfaglege fag som ikkje høyrer naturleg heime i dei andre «konstellasjonane». Dette fakultetet er likevedig med dei tre andre fakulteta som innehar «profesjonane». Kort sagt: Fire områder som må synast tydeleg att i ny organisasjon.

Bør fakulteta ha omtrent same storleik?

Fakulteta bør i utgangspunktet vere nokolunde jamnstore for å sikre m.a. lik tildeling av ressursar; økonomisk og administrativt. Men det må vere rom for at vi også har fakultet av ulik storleik.

Alle fagområder må ha ein reell mogelegheit til å «overleve» og utvikle seg. Ein må sjå muligheter og ikkje «problem» med fagområder som ikkje passer inn i ein «profesjonstenking». Tenk heilhet, utvikling og samarbeid.

Det bør vere lik struktur på alle fakulteta.

Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?

Vi må ha namn som er korte og konsise, gjenspeglar det vi ynskjer skal vere våre kunnskapsområder.

<p>Kap 4</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Det er viktig at vi ikkje får ein for tung toppleiing. Kan vi på nivå 1 få til ei løysing der både det administrative og faglege ansvarsområdet vert ivareteke på ein god måte er den føreslegne modellen med rektor og 3 prorektorar å føretrekkje.</p> <p>Dersom ikkje må ein tilføre leiinga på nivå 1 den naudsynte kompetansen ein treng for å kunne ivareta dei administrative ansvarsområder.</p> <p>Vi har og eit ynskje om at ein av prorektorane har ansvaret for digitalisering. Det må setjast meir fokus på dette området. Høgre utdanning er «sidrompa» på dette feltet . I fusjonsplattforma står det:</p> <p><i>«Høgskulen på Vestlandet si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten. Satsinga skal sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling og utvikle framtidsetta utdannings-, arbeids- og læringsfellesskap. Høgskulen på Vestlandet skal imøtekome og vere tett på trendane, behova og dei nye teknologiane ein ser innanfor høgare utdanning.»</i></p> <p>I høyringsutkastet står det at den administrative organiseringa skal fylgje den faglege. Det er vi ikkje samd i. Dei administrative tenestene må utviklast på tvers av den faglege organiseringa. Fokuset må vere at vi byggjer ein felles kultur og forståing for dei sett med oppgåver som skal løysast. Likehandsaming av studentar og tilsette er hovudfokuset. Vi må unngå at vi lagar egne «konstellasjonar» for kvart campus innan økonomi/drift/personal etc.</p> <p>Prodekanen</p> <p>Prodekan skal vere til støtte for dekanen og fylgje linja der.</p> <p>Utval</p> <p>Parat HiSF meiner at fakultetsråd ikkje er vegen å gå. Anten må vi opprette fakultetsstyre eller gå for ein ordning med IDF-møter.</p>

Andre merknader	<p>Vi må ikkje byggje ein organisasjon som er så rigid at vi ikkje klarer å snu oss fort om når nærregionen /samfunnet krev det. HVL har eit samfunnsansvar i nærregionane i tre fylker. Dette må takast vare på og utviklast til beste for alle.</p> <p>Kva er styrken vår og fortrinnet vårt i dag? Kva mål har vi framover? Kan vi sameine desse og tilslutt ende opp med bli det universitetet vi ynskjer?</p> <p>Vi skal ha bærekraftige utdanningar i alle regionane også i framtida – korleis kan vi sikre oss dette? Vi må unngå å byggje sterke konstallasjonar i ein region som går på bekostning av dei andre. Ein fusjon fører alltid til kamp om ressursar på sikt.</p> <p>Vi treng leiarar som har evne til å sjå heile HVL – alle campusa – alle fagområda – tilsette på alle nivå - studenten – forskning. Alle er viktige brikker i å lukkast med å byggje HVL.</p> <p>Vi veit også at det tek tid å byggje kultur og forståing for kvarandre. Det er lett å tenke «mitt» og «ditt» - behalde «gamle» strukturar også inn i ein ny organisasjon. Usikkerheten er stor, redsla for framtida kan hindre oss i vere opne/nyfikne. Skal vi lukkast med fusjonen – må vi vereause og saman våge å tenkje nytt – først då har vi lukkast med etableringa av Høgskulen på Vestlandet!</p>
-----------------	---